



Referat

Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	29.04.21 Kl. 12:30
Møtestad:	BUP Voss/Teams
Møteleiar:	Gunnlaug Lekve
Til stade:	Anne Myklatun (Eidfjord), Bridget Penny (brukarrepresentant), Gunnlaug Lekve (Ulvik), Kjell R. Stien (Voss) Marianne Røynesdal (BUP Voss), Ruth Helene Garmann (BUP Voss) og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	Jill Bru Johansen (Vaksdal), Sveinung Hellesen Nygård (Voss) og Anne Karin Laupsa Nes (Kvam),
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
1/21	Godkjenning av innkalling Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
2/21	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 10.12.20 Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
3/21	Aktuelt frå medlemmane i underutvalet Voss: - Barnevernstenesta ser auke i vald i nære relasjonar.	O		

<p>-Helsestasjonen brukar ressursar på vaksining mot korona. Behov for fleire helsesjukepleiarar. Marta Egdetveit kjem att i stillinga si i august.</p> <p>-Kommunepsykologane har det travelt. Mykje ressursar går til elevar i vidaregåande skular med psykososiale vanskar. Ynskje om at OT/PPT stiller med eigne ressursar. Voss herad kan bidra med psykologmiljø og rettleiing.</p> <p>-Voss herad skal gje born, som har vore på krisesenter, raskt tilbod om oppfølging hjå kommunepsykolog. Kommunalsjef Frode Monsen er kontaktperson.</p> <p>Brukarrepresentant:</p> <p>-Har vore lite aktivitet/møter i det siste.</p> <p>-Dei over 16 år med nedsett funksjonsevne har fått vaksine no, men synest dei måtte vente lenge.</p> <p>-BPA/institusjonalisering er stadig tema.</p> <p>BUP:</p> <p>- Krevjande år på BUP. Stort arbeidspress. Meir komplekse saker som vert tilvist no enn tidlegare. Mange som vert tilvist med depresjon og spiseforstyrning. Stort press på innleggingar. Mange plassar på akuttposten er fylt opp av pasientar med spiseforstyrning. Det vert nytta senger til denne pasientgruppa både på barne- og ungdomsposten i tillegg til to sengeplassar på Barne- og ungdomsklinikken. Ein del andre planlagde innleggingar vert utsett. Det vert arbeida med å opprette ein dagpost for spiseforstyrning i PBU.</p> <p>-Gruppebehandling med mindfulness og gruppe for gutar i ungdomsskulealder med ADHD er nye tiltak som er satt i gang på BUP. Det er i tillegg inngått avtale med vaksenpsykiatrien om at ein kan overføre pasientar allereie frå 17,5 år som treng vidare oppfølging i psykiatrien.</p> <p>Ulvik:</p> <p>-BTI. Prosjektkommune. Har fått midlar.</p> <p>-Vaksining tek mykje tid. Travelt for helsesjukepleiar. Overvektspromblematt er tidkrevjande. Håpar på fleire</p>			
---	--	--	--

	<p>ressursar. Skal ha fysioterapeut i barnehage og skule i tillegg til helsesjukepleiar.</p> <p>-Stort behov for støtte til elevane på produksjonsskulen. Kommuneoverlegen er i dialog med kommunepsykolog Sveinung H. Nygård.</p> <p>-Ny ungdomsarbeidar på plass i forhold til sommarskule.</p> <p>Eidfjord:</p> <p>-Har fått midlar til å auke opp til 100% helsesjukepleiarstilling. Skal no vere 2 dagar på skulen i staden for 0,5.</p> <p>-Jentekafé og ungdomsklubb har vore i tilnærma normal drift i vinter.</p> <p>-Spent på resultat frå Ungdata - undersøkinga.</p> <p>-Mykje angstproblematikk. Ynskjer samarbeid med kommunepsykolog.</p>			
4/21	<p>Ymse</p> <p>«Barn og unges helseteneste» v/Ruth Helene Garmann</p> <p>Informasjon om framgang i prosjektet og drøfting av rolle i underutvalet. Ruth Helene Garmann overtek etter Morten Kronstad (BUP) for å ha ein link frå underutvalet til prosjektet.</p> <p>Vedtak: Skal ha samhandling med informasjon om prosjektet som eit fast punkt på sakslista til møta i underutvalet.</p> <p>Konsultasjonsteamet</p> <p>Konsultasjonsteamet, som består av politiet v/Ruth Vedå, kommunelege i Eidfjord Rita Høvset, Tannhelsetenesta i Ulvik ved Lene Opedal Kvarmestøl, kommunepsykolog Sveinung Hellesen Nygård, Voss barnevernteneste ved Sølvi Løne, Voss PPT ved Marianne Haugo og BUP ved Sjur Morset Sandvik, hadde sitt første møte 22.04.21. På neste møte er representant frå Barnehuset i Bergen invitert. Det vil vere faste møter siste torsdag i kvar månad. Det er mogleg å melde inn saker til konsultasjonsteamet.</p> <p>Neste møte i underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert torsdag 30.09.21 kl. 12:00 til 14:00 på BUP.</p>	O/D/V		

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 30.09.21 kl. 12:00** på BUP Voss.

Ber om at medlemmene i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.